Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36. Fylke: Telemark.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Sauherad.

Emne: Helsing, fakter og åtferd Bygdelag: Sauherad og Nes.

Oppskr. av: Torjus Bergan Gard:

(adresse): Gvarv. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Det meste er etter opplysningar frå mor, Anne Bergan. Ho er fødd 1872 i Sauherad. Ho var gardbrukarkone i Nes sokn Sauherad.

SVAR

1. Ja med eit nikk, nei ved å riste på hovudet. Skal nei uttrykkjast sers kraftig, grip ein og til å riste hendene.

2. Det kjem an på. Møtest ukjende folk på ein ufarda veg, gjeng dei nok ikkje framom kvarandre utan ei helsing, såvisst ikkje dersom dei har kjendsle av at det er bygdefolk. På sentrale stader med meir ferdsle vart nok helsing oversett.

3. Ikkje når ein møttest ute var det nokon regel mellom vaksne folk. Men born vart nok haldne til å helse fyrst.

4. Vanlege helsingsord her var „gudag". Stansa ein og handhelste så ein ofte takk for sist.

5. Vanlege bygdefolk tok ikkje til vanleg av seg hatten når dei møttest, dei sa eit „gudag" og gjekk vidare — eller opna ein samtale. — Møtte ein ein embetsmann, sers presten og skrivaren, tok nok dei fleste

8022

til hatten.

6. Ein stod med hatten i handa når ein tala med presten – elles visst-nok ikkje. Det var nok ikkje fast regel når ein tala med presten heller. At ein stod med hatten under armen er ikkje kjent her.

7. Det gjekk nok meir høgtidsamt for seg når ein var høgtidskledd. Dei hand-helste då.

8. Ved kyrkja handhelste folk, også på ukjende ein måtte råke. Alle dei som sat i kyrkjestolen ein gjekk inn i, laut ein handhelse på. Ein handhelste på alle i huset om ein kom på vitjing – born og tenarar og.

9. Det er ikkje ukjent at folk klappa på kvarandre på oksla. Serleg eldre når dei stod framfor yngre.

10. På kyrkjeveg tok mennene av seg hatten for klokkeringinga, om dei gjorde det ute på jordet var vel so ymse.

11. Møtte dei ei gravferd, skulle dei stå still medan ferda drog forbi. Dei tok då av seg hatten. Eit bryllup lika dei ikkje å møte. Gjekk av vegen om det var mogeleg.

12. At folk helste på feing og dyr er ukjent.

13. Kjenner ikkje til regel for når dei ymse helsingsord skal brukast. Det går nok litt om kvarandre – meir no enn før –

8022

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

14. Nei – no gjeng det omkvarandre, særleg heldt dei meir fast på formene før.

15. Kjenner ikkje til det.

16. „Morn" (godmorn) vert bruka til alle tider av døgeret.

17. „Guds fred" og „Signe maten" vart nok brukte, men ikkje vanleg.

18. Kjenner ikkje slike.

19. Det hendte nok at gjesten tok opp att helsinga når han kom inn. Serleg har eg høyrt det når vertsfolket har flutt inn i nytt hus, og gjesten er der for fyrste gong. Men eg har høyrt det elles og, utan at eg kan seia det har vori vanleg her i bygda.

20. Skulle ein tala med husfaren aleine, bad ein han med ut. Kunne ikkje saka avgjerast ute, vart han med inn.

21. No brukar folk allstødt å banke på døra før ein går inn, men det er nytt her. I min barndom (1910–1920) var det sjelden bygdefolk gjorde det, og mora mi fortel at det tidlegare var heilt ukjent imellom bygdefolket. – Men dei banka på ute, og so kom ein av folka i huset ut. Den framande bar så fram ærendet sitt. Jamleg vart han så beden inn. Var det bare eit ærend, og det var folk frå grenda ein såg dagstødt, vart det avgjort

8022

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

ute på hella. Var det litt meir
sjeldsynte bygdefolk eller gode
venner, vart dei med inn.
Nære slektningar banka ikkje
på medmindre dei hadde
hest. Hadde dei det, køyrde dei fram
åt svala og banka på. Når så husets
folk kom ut, vart han innbeden
og hesten teken vare på.

23. Ein gjest vart ståande til husets
folk sette fram stol og sa: „Ver
så god å sjå få sitta!"

24. Skulle vente med å ta av hatten.
No tek ein hatten (luva) av idet
ein stig inn.

25 Sjå svar 23.

26. Ja, i høg grad.

27 Svara på den helsing som den
framande bar fram. Var det
på tunet, vart han beden inn
dersom ærendet gjorde det naud-
synleg. Var det inne, vart den
framande boden stol som
vanleg.

28. Å turka av stolen for ein framand
er ukjent.

29. Gjester vart møtt ute på tunet,
iminsto på dørhella og ynskt
velkomne til gards. Det vart da
handhelsa på alle, og vertsfolket
tok seg av reisetyet og hesten.
Husmora bad so gjestene inn
i stova. So fekk gjestene skjenk.
I lag hadde (og har) dei faste skikkar,
men det høyrer vel ikkje med her.

8022

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

30. Den framande: „Ja, så får de ha takk for meg“ – huset folk svara: „Å, du har så ikkje noko å takke for.“ Så skulle den framande fylgjast ut, ein skulle „sjå ut etter'n“. Her ute på hella vart det so sagt litt om veret nett då og sagt farvel (godnatt).

31. Handhelste ved avskil for lenger tid og sa: „Lykke på reisa og leva so vel“ Var det nære slektningar (eller svært gode venner) vart det teke med ynskje om Guds signing.

b Var det Amerika-reis og vona om å møtast att, var lita. sa dei som orka det: „Møtast me ikkje meir her i verda, så gjeve Gud me møtast der som betre er.“ Men tanken på avskil for siste gong, bar folket i bygdene her svært for seg sjølve

32 tel 38 Eg trur å kunne seia at folket her i bygda lite legg sine kjenslor fram i dagen. Kyss vart aldri nytta i andres påsyn

39. tel 41 Vi har ein leik med småborn som dei kallar „byte nase“. Den vaksne gjer eit raskt klyp i nasen på veslebarnet og seier: „No tok eg nasen hans.“ So stikk ein tommelfingeren mellom peike- og langfingeren og seier: „Or er han.“ Eit nytt klyp, og barnet får att sin gamle nase.

8022

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

39 til 41. At mor eller far kunne gni nasen (eller andletet) mot barnet sin nase (eller andlet) er ikkje ukjent. Men andre vaksne gjorde vel ikkje det utan at dei stelte barnet til vanleg. „Dyke nase" var ein leik alle kunne ha med barnet.

42/43. Vaksne folk gjorde det ikkje i andres påsyn.

44. „Til lykke" vart brukt ved lykkeynskje i dei ymse høve, ved store hende i livet, ved dåp, konfirmasjon, bryllaup o.s.b., men og ved daglege hende t.d. „Til lykke med turen" når mannen eller sønene drog på fisketur.

45. Kjenner ikkje serlege helsingar utanom å ynskja lukke og hyggje.

46/47. Ja svært lite. Eit ord som „kondolerer" er framleis svært lite brukt. Ved gravferd møtte slekt og vener godt fram og var med i laget — var dei ikkje bedne, så „fylgde" dei: d.v.s. møtte opp i gravferdsgarden like før syrgjeandakten og var med til kyrkje, men drog så like heim, medan dei innbedne vende tilbake til gravferdsgarden. Dette er vanleg nå og, men svært ofte blir dei som „fylgjer" bedne med attende til minnesamver i heimen. — No vert det takka ved grava, — men ikkje

8022

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

på vegne av den døde. Den som takkar for hjelp og medkjendsle er helst den mannsperson som er husbond i gravferdsgarden, men ein annan kan og gjera det. Ofte blir kjøkemeisteren eller soknepresten beden om å gjera det.

48. Ein kjenner ikkje til at det vart takka frå den avlidne – utan at den avlidne sjølv hadde bedi om det.

Når folk kom i gravferdsgarden, gjekk dei fyrst fram til båra, som var sett ute i tunet. Dei tok av seg hatten og stod med knepte hender ei stund. Så teikna dei krossmerket over kista, gjekk så for å helse på dei andre.

49. Kjenner ikkje skikkar i så måte

50. Vanlege tiltaleord er du. Svært lite vart De bruka (i vårt målføre: Dikkan)

Det er kjent frå gamalt å seia „han får til presten.

## Tilleggsliste

er avskrevet.

1. Kjenner ikkje til slike skikkar.

2 og 3. Ukjent her i bygda.

4. Smikjebikkjur: Det var ikkje folkeskikk å gå bort til folk 1 juledag. Dagen var „tvihellig" Dei som gjorde det, var oftast dei

som var ute for å få litt av julebrennevinet og ikkje kunne vente til 2. juledag.

Borna skulle heller ikkje gå bort til andre den dagen. „De må kje gå slik som andre smikjebikkjer", vart det sagt til dei.

5. Kjenner ikkje til dette.

6. Nei.

8022

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING